



JULEHELSING FRÅ PROSJEKT RÅDMANN



ADMINISTRATIV ORGANISERING

NYHENDEBREV NR 10

*368 dagar att til vi
blir ein ny
storkommune*

NYHENDEBREV

JULEHELSING FRÅ PROSJEKTRÅDMANN

Eg veit ikkje korleis det er med deg, men eg føler jula kjem like fort kvart år. 2018 har verkeleg vore eit hektisk år for mange.

Politisk har to viktige arbeidsgrupper vore i sving med kommunevåpen, kultur og identitet, samt innbyggjarinvolvering og politisk organisering. Fellesnemnda har handsama heile 40 saker og framover kjem det enno fleire saker til politisk avgjerd.

Administrativt har me landa mykje, mellom anna organisasjonskart, i tillegg er mange av dykk proaktive i fleire arbeidsgrupper, noko som betyr at ein er direkte med å påverkar framtida. Til jul rakk me og målet om å landa 20 ulike personalreglement.

Nokre har sagt at **nye Sogndal kommune** ikkje vert «så veldig mykje større», men det kjem heilt an på «auget som ser». Dagens Sogndal vert som del av den nye kommunen noko større, Leikanger vert vesentleg mykje større, Balestrand vert 10 gonger større. Dei tre kommunane er likeverdige partar i samanslåinga.

Endringar og omstillingar er ein naturleg del av arbeidslivet, og aldri har vel endringar skjedd raskare enn i dag, anten det er innan det private eller det offentlege. Korkje framtidsforskarar eller politikarar veit kva som skjer framover, men Øvremo (2018) seier at for å lukkast i framtidas krav til endring og omstilling må ein ha endringsvilje og endringskompetanse.

Omstilling kan vera vanskeleg, og det er ikkje «beine vegen», ei heller for oss i nye Sogndal. Det har vore, og det kan kome krevjande saker både politisk og administrativt. Difor er det viktig med informasjon, medverknad, open debatt og transparente prosessar.

Difor har eg og leiargruppa freista å involvera der me kan, og då var det gledeleg å motta over 140 sider med

høyringsinnspel frå både leiarar, medarbeidarar, avdelingar/tenester og klubbar. Takk for ditt bidrag!

Samarbeidet med dei hovudtillitsvalde er viktig, trass krevjande saker skil ein sak og person.

Verneombod og tillitsmannsapparat er gode drøftingspartnarar og eg opplever at dei kjem med gode korrektiv, innspel og faglege tilrådingar til meg og til oss i leiinga. Slik skal det vera, og eg set stor pris på samarbeidet!

Du har ei av dei **viktigaste rollene i samfunnet**, kommunen gjev tenester frå «vogge til grav», me møter innbyggjarar, tenestemottakarar, pårørande, lag- og organisasjonar og næringsliv. Sjølv om du t.d. ikkje jobbar i direkte pasientkontakt, løyser du kanskje økonomioppgåver, skriv utgreiingar eller held det reint i barnehagen. Me har ulike roller og oppgåver, men me er alle like viktige i dette heilskaplege biletet.

Me skal og sikra strategiar for lokal samfunnsutvikling, og det er jo slik at det er heilskapen av både innbyggjarar, tilsette, næringsliv, lag og organisasjonar og vårt offentlege tenestetilbod som skapar eit godt lokalsamfunn, og her er både politikarane våre og me tilsette viktige. Om me i bygginga av nye Sogndal er omstillingsdyktige i eit stadig meir sentralisert og urbanisert samfunn, vil me lukkast i å vidareutvikla grender og sentrum i vår nye kommune. Me skal jobba for attraktivitet og godt omdømme, noko som gjev tiltrekkingskraft og enno fleire innbyggjarar! Til dette treng me alle med på laget, både politikarar og tilsette. Endring og omstilling er med andre ord ein kontinuerleg prosess, der ein både må løyse daglege oppgåver samstundes som ein har eit langsiktig perspektiv.

Nye Sogndal vert bra. Eg er overtydd om at godt arbeid ein stad gjev frukter ein annan stad.

Kommunepsykologen i Sogndal vil t.d. kome Leikanger og Balestrand til gode, Balestrand sin kompetanse innan skogbruk kjem heile regionen til nytte osb. Det er så mykje god kompetanse i Sogndal, Balestrand og i Leikanger at 1+1+1 vert 5! Me skal sjå

etter beste praksis og me skal hausta erfaring frå kvarandre og ifrå andre. Takk for jobben du gjer for oss. Takk for at du er tolmodig med leiar/kollega som renn i møter med oss. Takk til dei som snakkar til kollegaen sin, og ikkje om kollegaen sin. Takk for at du spør, istadenfor å gå å lure på ting! Takk for at du seier meininga di, og takk råd og input!

God jul anten du har fri eller skal jobbe. Ser fram til vidare samarbeid med deg. Takk for jobben du gjer kvar dag for innbyggjarane våre!



Administrativ styringsgruppe



Prosjekttrådmann, rådmenn og dei hovudtillitsvalde har fast møte annankvar veke. Ein utvekslar informasjon, eller har formell drøfting om konkrete saker. Biletet er frå november, der ein formelt drøfta ulike personalreglement. Prosjekttrådmann set stor pris på møta, som og kan vera krevjande med ulike syn på ulike saker. Det viktigaste er likevel gjensidig respekt og at ein skil sak og person, samt at ein prioriterer dei vanskelegare og mest prinsipielle sakene.

Fredag 14.12 hadde vi **samling for økonomi- og personaltilsette** i dei 3 kommunane. Avdelingane jobbar tett ilag på ein del område, så det er nyttig med nokre felles møteplassar. Målet med samlinga var orientering om prosjektet, kulturbygging og forventningsavklaring. Stig Arne, Marit og Marianne orienterte om prosjektet. Gjennom gruppeoppgåver fekk medarbeidarane kome med innspel til leiinga. Dette er veldig nyttig for oss framover. Ei av gruppeoppgåvene var: Sjå for dykk ein perfekt arbeidssituasjon sommaren 2020. Korleis har vi det

då? Tilbakemeldingane gjekk på oppgåver, arbeidsmiljø, leiing, IKT system og samarbeid med heile organisasjonen. Vi har og fått på plass retningslinjer for god møte- og læringskultur. Ein kjekk og nyttig dag for avdelingane.



Julefrukost i Balestrand 13. desember

Prosjektadministrasjonen deltek i desse dagar på ulike juletradisjonar i de tre kommunene i NSK.

Torsdag 13.12.18 arrangerte tilsette i Balestrand kommune, avdeling rådhuset sin årlege julefrukost. Denne flotte førjulstradisjonen involverar felles dugnad på morgenvisten. Ein tek med seg ei matvare eller to til eit fellesmåltid.

Åge Skrede stod for det kulturelle bidraget med høgtlesing frå passande dikt av Jon Hjørnevik.

Rådmann Svein Arne Skuggen Hoff heldt tale, og prosjekttrådmann Stig Arne Thune takka for det gode samarbeidet i 2018.



Statens Hus på Leikanger - nye kontorlokale for administrasjon



Fellesnemnda fatta torsdag 6. desember 2018 vedtak om at administrasjonen for storkommunen skal inn i Statens Hus. Administrasjonsstad for den nye kommunen vert som kjent Leikanger.

Statens Hus vil i byrjinga stetta kommunen sine behov, i tillegg er lokala moderne, tidsriktige og attraktive. Prosjektrådmann vil nytta den første perioden som leigetakar i Statens Hus til å kartleggja, analysere og så definere endeleg dei langsiktige kontorbehova for ein framtidsretta kommuneadministrasjon i Leikanger, slik at det er mogleg å nå mål som sentrumsutvikling. Prosjektrådmann har sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe, der og representantar for arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta vert med i dette arbeidet.

I lokala vil ein ha ei blanding av faste kontor for kommuneleiinga og rådgjevarar, nokre kontor vil verte nytta av fleire og til ulike tider utifrå behov. Det vil framleis vere desentraliserte stab og støttefunksjonar i både Sogndal og i Balestrand. Prosjektrådmann og sakshandsamar har møter med Statens hus før jul, der ein ser på detaljar i leigeavtala.

Administrativ organisering

Overordna organisasjonskart og dei ulike einingane er no definert. I overordna toppleiing finn ein rådmann, økonomisjef/økonomisjef og fire kommunalsjefar.

Einingsinndeling under desse vart presentert for alle tilsette i nyhende e-brev.

Prosjektrådmann ønska brei involvering frå alle tilsette når det gjaldt den nye administrative organiseringa. Ein valde difor å ha eige førebuaende møte med dei tillitsvalde i september, samt eige møte med alle leiarar i oktober. I november kom det ut høyringsnotat der ein inviterte alle til å meine noko om prosjektrådmannen sitt framlegg.

Einingsinndeling under desse vart presentert for alle tilsette i nyhende e-brev.

Prosjektadministrasjon og prosjektrådmann er glade over så mange og gode innspel. Oppsummert har fleire hundre meint noko, enten gjennom avdelingsvise tilbakemeldingar, gjennom klubbar/fagforeiningar, eller frå leiarar og fleire enkeltmedarbeidarar. Ein har og fått høyringsuttale frå eit par eksterne instansar, noko som viser at dette har stor interesse og er viktig for folk. Prosjektrådmann, leiargruppa og hovudtillitsvalde leste alle uttalar nøye, og prosjektrådmann har gjeve tilbakemelding til dei som kom med innspel. Organisasjonskartet vart deretter. Takk for engasjement, takk for at du involverte deg! Fleire av innspela er tekne med i vurderinga og såleis kome med i framlegget, noko som syner at det nyttar å involvere og engasjere seg! No ligg kartet som eit utgangspunkt, vel vitande om at det framover kan kome mindre justeringar om det er hensiktsmessig.

Vedtekter for nye Sogndal – barnehage og SFO

Fellesnemnda la i møtet 6.12 ut høyringsutkast til nye barnehagevedtekter og SFO-vedtekter. De finn nærare omtale av desse på nettsidene til dei tre kommunane og til nye Sogndal kommune. Fristen for høyringar er 13.01.19, og vi håpar at mange vil bidra med innspel.

Samling på Solstrand 10. og 11. desember

Toppleiargruppa og to av rådgjevarane var samla i desember for å sjå på strategi, mål og koordinering av prosjektet. Fleire er og nye for kvarandre, så også forventningar til samarbeid og teamutvikling var tema på samlinga på Os.

Oppseiing av avtalar – IKS samarbeid

Kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal har inngått ei rekke interkommunale samarbeid, i mange av desse er alle tre kommunane avtalepartar, og i dei fleste er Leikanger og Sogndal avtalepartar. Etter gjennomgangen av interkommunale samarbeid er det klart at det ikkje er nokon interkommunale samarbeid som avgrensar seg til dei tre kommunane som skal slå seg saman. Med andre ord er det ikkje samarbeid som utan vidare kan avviklast. Nye Sogndal kommune kan velje å vidareføre eit arbeid i eigen regi, og ikkje inngå nye avtalar om interkommunale samarbeid.

Den nye kommunen vil truleg vere stor nok til å klare seg sjølv på fleire felt. Prosjektrådmann vil likevel frårå fellesnemnda å velje denne strategien. Som den største kommunen i Sogn er det naturleg for nye Sogndal kommune å vere bidragsytar i regionen, mellom anna gjennom interkommunale samarbeid. Unnataket er for arbeidsgjevarkontroll, der prosjektrådmann tilrår at vi finn ei annan løysing for arbeidsgjevarkontroll frå 1.1.2021 (avtalen har to års oppseiingstid).

Fellesnemnda vedtok å seie opp desse interkommunale avtalane, og gav mandat til administrasjonen til å reforhandle desse avtalane og legge dei fram for ny handsaming i fellesnemnda i løpet av 2019. I forhandlingane legg vi til grunn at vi bør sjå ein viss økonomisk gevinst av at nye Sogndal kommune vert ein større kommune, og at i fleire tilfelle er tre avtalepartar erstatta av ein (nye Sogndal).

Samstundes har fellesnemnda gjeve administrasjonen fullmakt til å føreta sonderingar i rådmannsmøtet til Sogn regionråd, for å avklare om det kan vere interesse for andre kommunar å delta i forhandlingar om reetablering av nokon av dei omtala interkommunale samarbeida. Når det gjeld interkommunale selskap vert alle avtalar med selskap sagt opp og reforhandla i 2019. Det same gjeld for avtalane rundt Sogn regionråd.

Orientering om prosess knytt til overføring av tilsette frå Sogndal, Leikanger og Balestrand til nye Sogndal kommune

1 Kva skjer med jobben min når kommunane slår seg saman?

I perioden frem mot 1. januar 2020 vil dei tre kommunane driftast som normalt. Ved etableringa av den nye kommunen, skjer det ei verksemdsoverdraging kor alle som har ein arbeidsavtale som varer utover 31.12.2019, blir tilsett i den nye kommunen. Ingen tilsette vil bli sagt opp i forbindelse med kommunesamanslåinga, men det kan vere at nokre tilsette får endra oppgåver. Den tilsette har rett til å reservere seg frå overdraginga. Dette vil ikkje få nokon praktisk

betydning ved kommunesamanslåinga, då dei «gamle» kommunane vil opphøyre. I praksis betyr dette at tilsette som reserverer seg, sjølv må sei seg opp.

2 Kor skal eg jobbe?

Dei fleste einingane vil halde fram som i dag etter kommunesamanslåinga. Dette vil typisk gjelde for stadbundne teneste som skule, barnehage og sjukeheim.

Samanslåinga kan innebere endring av arbeidsstad for enkelte arbeidstakarar. Dette kan mellom anna gjelde stillingar innan stab, støtte og leing. Kven dette vil omfatte veit vi først når den nye organisasjonen er klar og alle tilsette er plassert inn i stillingane.

3 Får eg andre arbeidsoppgåver i den nye kommunen?

Endringar av arbeidsoppgåver kan bli ein konsekvens ved kommunesamanslåinga som ein naturleg følge av omstillinga. Dette vil særleg vere aktuelt for leiarar og administrative stillingar. Dette vert handtert i egne prosessar i tett samarbeid med dei hovudtillitsvalde.

4 Kva vert mine løns- og arbeidsvilkår?

Den sentrale tariffavtalen mellom KS og hovudsamanslutninga vil gjelde i den nye kommunen. Du har rett til å behalde dine lønns- og arbeidsvilkår som du har på overføringstidspunktet i den nye kommunen.

Arbeidsgjevar vil saman med hovudtillitsvalde, i tida fram til kommunesamanslåinga, vurdere eksisterande avtalar og protokollar i dei «gamle» kommunane. Målet med dette er å vurdere om kommunane sine særavtalar skal vidareførast eller seiast opp. Vidare vil kommunen sitt reglement, retningslinjer med vidare verte harmonisert.

Etter kommunesamanslåinga kan vi oppleve at det vil være nokre ulikkeheit i løns- og arbeidsvilkår mellom tilsette frå dei «gamle» kommunane. Målsettinga er å harmonisere lønsskilnader over tid.

5 Pensjon

Pensjonsordningane er tariffesta og vil vidareførast som dei er i kommunesektoren også etter kommunesamanslåinga.

6 Omstillingsutval

Dei tre kommunane har inngått ein omstillingsavtale og det er etablert eit felles omstillingsutval. Dette består av dei tre personalansvarlege i frå arbeidsgjevarsida (1 frå kvar kommune), og 3 tillitsvalde frå arbeidstakersida (1 frå kvar kommune). Dei tre kommunane vil ikkje lysa ut ledige nøkkel/leiarstillingar i dei tre kommunane før ledige stillingar er handsama i dette felles omstillingsutvalet. Det gjeld leiar og nøkkelstillingar, stillingar i

administrasjonen med vidare, men ikkje stadbundne tenester på andre tenesteområde.

Omstillingsutvalet vurderer og avgjer om stillingane skal lysast ut internt eller eksternt i dei tre kommunane. Tilsetning i den enkelte kommune skjer etter det enkelte delegasjonsreglement i Sogndal, Leikanger og Balestrand.

Omstillingsutvalet innstiller til aktuell rådmann i kommunen der det vert ledig stilling. Rådmann pliktar og konsultere prosjektrådmann og dei andre rådmennene før avgjer om utlysning kan skje. Målet er å sjå om ein kan handtere bemanningsbehov på tvers, eller sikre ny felles ressurs på tvers, samt unngå utfordringar knytt til overtallige.

7 Særleg om leiar og nøkkelstillingar

Fleire leiarar og tilsette i nøkkelstillingar vil ved ei kommunesamanslåing verte overtallige som følgje av at funksjonen som ligg til stillinga berre kan eller bør tildelast ein person. Dette gjeld typisk for rådmann, kommunalsjefar, personalsjef, økonomisjef mv. I den utstrekning kommunesamanslåinga også vil føre til samanslåing, eller etablering, av nye einingar vil tilsvarande også gjelde tenesteleiarar og avdelingsleiarar.

Med utgangspunkt i organisasjonskart for den nye kommunen vil omstillingsutvalet, i samarbeid med kommunalsjefar og prosjektrådmann, avklare kva stillingar dette omhandlar. Deretter vil omstillingsutvalet i samråd med prosjektrådmann og kommunalsjefar sikre at berørte stillingshavarar får ein kartleggingssamtale for å avklare kor vidt fleire enn ein person ønskjer ein vidareføring av sin stilling. Om det er fleire som konkurrerer om same stilling, eller dersom ny arbeidsgjevar ønskjer å lyse ut stillinga, vil omstillingsutvalet først vurdere om nokon har rettskrav på stillinga.

8 Kven ivaretek mine rettar som tilsett?

Det er dei hovudtillitsvalde og hovudverneombod som representerer dei tilsette i prosessane som kommunesamanslåinga medfører, og som vil bidra til at dine retter vert ivareteke. Arbeidsgjevar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod har eit felles ansvar for å sikre desse rettane innfridd.

9 Kva er tidsplanen for kommunereforma?

Det er laga ein tidsplan for, og fram mot, etableringa av nye Sogndal kommune 01.01.20. Det kan skje endringar i planen.

10 Kor får eg meir informasjon?

Du får informasjon om arbeidet med å etablere en ny kommune på nettsida: www.nye.sogndal.kommune.no

Du kan også følgje kommunesamanslåingsprosessen på Facebooksida:

Nye Sogndal kommune

Du kan også ta kontakt med dei hovudtillitsvalde som er valde til å representere dei tilsette i kommunesamanslåingsprosessen:

Siv Laila Eriksen, HTV Fagforbundet/LO siv-laila.eriksen@sogndal.kommune.no
Steinar Øydvin, HTV Utdanningsforbundet/ Unio post@sogndal.utdanningsforbundet.no
May Sirikit Bakke, HTV Delta/YS Sirikit.Bakke@balestrand.kommune.no
Åge Skrede, Akademikerne/Unio Age.Skrede@balestrand.kommune.no
Christian Kleiven, Vernetenesta Christian.Kleiven@leikanger.kommune.no
(reserve for Christian Kleiven: Frank Nymark, Vernetenesta Frank.Nymark@sogndal.kommune.no)